

Forslagsnr. UT01

Forslagsstiller Sel SV

Innstilling

Votering

For

Mot

Avholdende

## 1 Heildøgns plassar innan psykisk helse

2 Dei siste åra har det vorte færre heildøgns plassar innan psykisk helse. I Innlandet vart blant  
3 anna tilbodet ved Bredebygden psykiatriske senter i Sel lagt ned. Dette var eitt viktig tilbod  
4 saman med det psykiske helsevernet i kommunen og psykiatrisk poliklinikk ved Sjukehuset  
5 Innlandet. Kvar enkelt kunne få eit godt tilrettelagt tilbod der døgnplassar i periodar var  
6 noko av grunnmuren.

7 For å nå dei få plassane som står til rådvelde for denne gruppa må ein i dag til Sanderud,  
8 Reinsvoll eller Lillehammer. Om ein får plass der, er det ein lang tur når ein er psykisk sjuk.

9 Ein del av dei som nytta tenestene der har uttala at dei var godt nøgde med tilbodet, som  
10 var lagt opp slik at dei budde heime nokre veker, for så å bu på Bredebygden ein periode att.  
11 Dette ga tryggleik i kvardagen og dei klarte å mestre kvardagen, berre å ha eit dagtilbod er  
12 ikkje nok.

13 For mange er nærheit til familien viktig, og då er det viktig at det ikkje vert langt å reise. For  
14 andre kan det vere ein fordel å vere eit stykke heimanfrå. Derfor er «skreddarsydde» tilbod  
15 viktig og at det er fleire stadar der det er døgnplassar i fylket.

16 Vi har mange frivillige og pårørande som legg ned mykje arbeid, men det skal vere eit  
17 supplement. Slik det er no er det ofte det einaste tilbodet. Desse har ikkje fagkompetanse,  
18 og må få tid til berre å vere medmenneskje.

19 Derfor krev SV at det no vert avsett midlar til å styrke tilbodet innan psykisk helse i staden  
20 for å byggje det ned. Planane til Sjukehuset Innlandet er å leggje ned enda meir. Utan å gå  
21 inn på enkeltsaker har det skjedd tragiske hendingar med brukarar som har mista tilbodet.  
22 Det å førebyggje er som vi alle veit, god samfunnsøkonomi. Men, kanskje det viktigaste av  
23 alt dei som treng hjelp, får det betre og tryggare.